

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 24. april 2020 11:59
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 16/2020, 24. APRIL

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 16/2020, 24. APRIL

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

SAMORDNA OPPTAK (1): AUKE FOR FJERDE ÅRET PÅ RAD - REKORDSTERK KONKURRANSE OM PLOSSANE

Søkartala i Samordna opptak vart offentleggjort fredag 24. april og Høgskulen i Volda har også i 2020 gode tal. For fjerde året på rad aukar søkartala til Høgskulen i Volda. Talet på søkarar pr studieplass aukar også i år og har no kome opp i 1,9 søkarar pr studieplass, og det er sterkare konkurranse om studieplassane på Høgskulen i Volda enn nokon gong tidlegare. [Les meir på våre nettsider - også om søkartal på einskildstudium.](#)

SAMORDNA OPPTAK (2): FLEIRE VIL BLI LÆRAR I VOLDA - NEDGANG NASJONALT

Søkinga til lærarutdanningane i Noreg går kraftig ned, men då er det svært gledeleg at i Volda er det auke i søkartala. [Dette er omtala i nettavisa Khrono, med kommentarar frå ulike institusjonar.](#)

SAMORDNA OPPTAK (3): AUKE OGSÅ I MOLDE OG ÅLESUND

Søkartala frå Samordna opptak syner [auke også for Høgskolen i Molde og NTNU i Ålesund](#). Høgskolen i Molde har fleire søkarar enn nokon gong tidlegare og [skriv på sine nettsider](#) at dei for første gong har fleire førsteprioritetssøkarar enn Volda og Ålesund.

STUDENTREKRUTTERING 2020: KORT-KAMPJANEN NÅDDE LANGT

Ein kortstokk med [52 gode grunnar til å søke studieplass på Høgskulen i Volda](#) var gjennomgangstemaet i marknadsføringa av Høgskulen i Volda våren 2020. Kortstokken vart delt ut på messer, der var det QR-koder inn mot nettsidene til einskildstudium, og det har vorte laga fleire rekrutteringsfilmar over same tema. Og kortstokken ser ut til å ha nådd langt: Nettsidene til dei aller fleste av våre studium har fått langt fleire besøk enn i fjor og for mange studium er det snakk om godt over 50 prosent auke.

DELVIS OPNING AV HØGSKULEN: 20 STUDENTAR HAR FÅTT TILGANG

Regjeringa opna før påske for at [avgangsstudentar på somme studium](#) kunne få tilgang til spesialrom frå 27. april. På Høgskulen i Volda gjeld det nokre få studium på Avdeling for kulturfag og Avdeling for mediefag. Prorektor Odd Helge Tonheim har som leiar i Utdanningsutvalet og i samråd med kriseleiinga og kommunelegen i Volda gjeve tilgang til studentar på desse studia: Bachelor i kunst og handverk (7 studentar), bachelor i teater og drama (9 studentar), bachelor i animasjon (1), master in media practices (3 studentar). Nokre få lærarar vil også få tilgang for å ta i vare tryggleiken, men rettleiing skal framleis skje digitalt for alle studentar. Det vil også bli ekstra vask av lokala. Dekan er ansvarleg for at smittevernkrava vert følgt.

STYREMØTET (1) STYREMØTE PÅ ZOOM

Høgskulenstyret hadde styremøte 23. april. Møtet vart gjennomført på zoom. Møtet er tilgjengeleg i opptak på høgskulens Youtube-kanal. [Her er lenke til opptaket og sakspapira](#). Sjå også [innlegg på rektorbloggen](#) med den faste munnlege orienteringa til styret.

STYREMØTET (2) STYRET GAV HONNØR FOR KORONA-HANDTERINGA

Høgskulestyret har fått løpande orientering om korleis høgskulen har handtert koronakrisa så langt, og fekk også meir orientering på styremøtet. Etter eit framlegg frå Roar Tobro gav styret honnør til tilsette, studentar og leiing for arbeidet som har vorte gjort så langt. Her er er heile framlegget frå Tobro og som styret slutta seg samrøystes til:

"Styret tek orienteringa til vitende, og vil gje honnør til både studentar, tilsette og leiinga for godt arbeid i vanskelege tider så langt. Styret ber om at ein arbeider vidare med å klargjere konsekvensane og planlegge naudsynte tiltak i tilfelle krisa skulle vare utover hausten 2020. Styret oppmodar leiinga til å gjere ei evaluering i etterkant, og dra nytte av dei erfaringane som er gjort i høve til beredskapsplanlegginga til høgskulen."

PS: Protokollen frå styremøtet vert formelt sett først godkjent på neste styremøte.

STYREMØTET (3) PLANLEGGING AV NY PH.D. PÅ AHL HELD FRAM

Høgskulestyret ønsker at planlegginga av ein [ny ph.d. med basis i AHL](#) held fram, men i vedtaket understreka også styret at det var viktig å drøfte dette i strategiprosessen i haust.

STYREMØTET (4) KORONA-FULLMAKT TIL REKTOR

Høgskulestyret vedtok å gje rektor som styreleiar [fullmakt til å avgjerd i saker som oppstår på grunn av koronakrisa og som bør avgjerast før neste styremøte](#) og som samstundes ikkje er rekna å vere viktige nok til å kalle inn til ekstraordinært styremøte. Fullmakta kan også delegerast vidare i kortare periodar. Fullmakta gjeld fram til neste styremøte i juni.

STYREMØTET (5) EVA LUTNÆS KALLA TIL PROFESSOR II STILLING PÅ AKF

[Professor Eva Lutnæs, OsloMet](#), har blitt kalla til stilling som professor II ved Avdeling for kulturfag, seksjon for design, kunst og handverk. Kallinga gjeld for to år frå 1. august 2020.

15. MAI: FRIST FOR PENSUMLISTER, INFORMASJON TIL STUDENTAR OG ROMTINGING

Det er lite som er sikkert når det gjeld korleis haustsemesteret skal gjennomførast. Men uansett kva undervisningsformer det blir så må vi få på plass pensumlistar og praktisk informasjon til studentar innan fristen 15. mai. [Pensumlistene for hausten 2020 er å finne på denne nettsida](#). Studieadministrativ kalender med viktige fristar finn du under [Verktøy for tilsette / Studieadministrativ årskalender](#).

DOKFILM-ERSATZ: GUNNAR STRØMS DOKFILM-TIPS

Dokfilm-festivalen i Volda i 2020 vart tatt av koronaen, men det er håp om at den kjem sterkt tilbake neste år. Dosent em. Gunnar Strøm har som eit smittesikkert alternativ presentert ei liste over [19 gode dokumentarfilmar som festivalalternativ](#).

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når det (helst) finst lenke til ei bok eller ein tidsskriftartikkel du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2): STINE EKORNES HAR PUBLISERT I TIDSSKRIFTET «PASTORAL CARE IN EDUCATION»

[Førsteamanuensis Stine Margrethe Ekornes, AHL](#), har fått publisert artikkelen «Upper secondary students' perceptions of the effects of expanded student services on their mental health literacy» i det internasjonale tidsskriftet Pastoral care in Education (nivå 1). [Her er lenke til artikkelen](#).

PUBLISERINGAR (3): ELIZABETH OLTEDAL HAR PUBLISERT I ANTOLOGI

Førstelektor Elizabeth Oltedal, AKF, har fått publisert ein artikkel i ein antologi på Fagbokforlaget: Low stakes and high temperatures: A study of music performance assessment in teacher panels in terms of

micropolitics. I: Smith, K. [Validity and Value of Teacher Education Research](#). Fagbokforlaget 2020 ISBN 978-82-450-3381-6. s. 175-198

PUBLISERINGAR (4): INGER MARIE OKKENHAUG HAR PUBLISERT I ANTOLOGI

[Professor Inger Marie Okkenhaug, ASH](#), har vore med i internasjonal gruppe som no har kome ut med antologien: [Christian Missions and Humanitarianism in the Middle East, 1850-1950](#) på forlaget Brill. Okkenhaug er ein av to redaktørar boka og har også med ein artikkel. Antologien er del av publiseringa frå forskingsprosjektet [Engaging Europe in the Arab World: European missionaries and humanitarianism in the Middle East \(1850-1970\)](#). Prosjektansvaret ligg hos Universitetet i Leiden og er finansiert av det nederlandske forskingsrådet.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#), HVO

Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Korona-krisa \(2\): Når heime blir jobb](#) (27.3.2020)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

